



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Innkalling: HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE

Dato: Torsdag 05.12.2019
Stad: Bygdahuset i Granvin
Tid: 10.00 - 14.00

Agenda:

- 10.00 - 10.20: Inspirasjon: Dagleg leiar Hardangerrådet Jostein Eitrheim med nytt frå Hardanger
- 10.20 - 11.30: Sakshandsaming HU
- 11.30 - 12.00: Lunsj
- 12.00 - 14.00: Sakshandsaming HU

SAKLISTE:

- HU-sak 32/19 Konstituering
- HU-sak 33/19 Saker melde inn ved møtestart
- HU-sak 34/19 Tilbakemelding frå dei som var på Hardangerkonferansen 2019
- HU-sak 35/19 Møteplan 2020
- HU-sak 36/19 Ungdomsråd er lovpålagt i alle kommunar i ny kommunelov.
Korleis fungerar det i praksis i Hardanger ?
- HU-sak 37/19 Nye vedtekter for Hardanger Ungdomsråd i framtida?
Med nye kommunar må dei endrast.
- HU-sak 38/19 Gjennomgang saker melde ved møtestart
- HU-sak 39/19 Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Forfall må meldast:

Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo

tlf 53 67 14 50 /489 54 550

mail: trude@hardangerraadet.no

Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 27.11.2019

Hardanger Ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet/Sekretær Hardanger Ungdomsråd

Saksutgreiing

HU-sak 32/19 Konstituering 2019/2020

Vedlegg: Vedtekten til Hardanger Ungdomsråd

Saksutgreiing:

Gjennomgang av vedtekten til Hardanger Ungdomsråd.

Val av leiar og nestleiar i Hardanger Ungdomsråd 2019

Forslag til vedtak:

- er vald til leiar for Hardanger Ungdomsråd i 2019
- er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2019

HU-sak 33/19 Saker melde inn ved møtestart:

- Noko de vil ta opp? OG/ ELLER
- Noko de har lyst til å gjera?
- Nokon de vil invitera?
- Forslag til nye prosjekt?

HU-sak 34/19 Tilbakemelding frå dei som var på Hardangerkonferansen 2019

Saksvedlegg: Presentasjonen til HU på Hardangerkonferansen 2019

HU-sak 35/19 Møteplan 2020

Forslag til møteplan 2020

Hardanger Ungdomsråd 2020	Torsdag 09. januar Eidfjord	Torsdag 06. februar Voss	Fredag 06. mars Kvam Hardanger Ungdomsting	Torsdag 16. april Ulvik	M A I	J U N I	L I G	Fredag 03. september ??? Aktivitets- DAG	O K T O B E R	Torsdag 05. november Odda Konstituering	Torsdag 03. desember Kvam
---------------------------------	--------------------------------------	-----------------------------------	---	----------------------------------	-------------	------------------	-------------	---	---------------------------------	---	------------------------------------

Framlegg til vedtak.

Hardanger Ungdomsråd godkjenner møteplanen for 2020 slik en legg føre.

HU-sak 36/19 Ungdomsråd er lovpålagt i alle kommunar i ny kommunelov. Korleis fungerar det i praksis i Hardanger ?

Sakstilfang:

LOV: Kommuneloven

§ 5-12. Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom

FORSKRIFT kommuneloven §5-12:

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger)

Innleiing.

Praktisk arbeid med lovpålagt ungdomsråd og korleis ivareta demokrati i valg av representantar til ungdomsråd.

HU-sak 37/19

**Nye vedtekter for Hardanger Ungdomsråd i framtida?
Med nye kommunar må dei endrast.**

Saksvedlegg: Forslag til endring av vedtektena for Hardanger Ungdomsråd.

- ★ Med kommunesamanslåing og nye kommunar i Hardanger må vedtektena endrast.
- ★ Det er naturleg at Voss med Granvin deltek i framtida , og at navnet vert endra.
- ★ I framtida vil det uansett vera færre medlemmer, derfor forslag om at både leiar og nestleiar frå kvart ungdomsråd har møteplikt.

HU-sak 38/19

Gjennomgang saker melde ved møtestart

HU-sak 39/19

**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Vedtekter for Hardanger Ungdomsråd



Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010

Oppdateringar godkjende i Hardangerrådet 07.02.2019

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Hardanger Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i Hardanger.

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger.
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:

- Å vera ein møteplass for ungdomsråda i Hardanger.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger.
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Val

- I Hardanger Ungdomsråd sit medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar som representant og varamedlem møter etter særskild innkalling.

2.2 Konstituering

- Hardanger Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

§ 3 Kontaktperson

Hardangerrådet oppnemner ein kontaktperson til Hardanger Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger Ungdomsråd ynskjer at Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpe ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

§ 4 Møteverksemd

4.1 Møte

- Hardanger Ungdomsråd skal ha minst 6 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.

4.2 Referat

- Det skal førast referat over Hardanger Ungdomsråd sine møte.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger Ungdomsråd skal setta opp sin eigen møteplan for kvart år. Den skal sendast til Hardanger Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Statusrapport – økonomi
5. Behandling av saklista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppføljing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val

6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.november.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av Hardanger Ungdomsråd minst annankvart år, med første vurdering mot slutten av første periode, og godkjennast av Hardangerrådet.



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtid!

Til

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

mail: postmottak@kmd.dep.no

VEDR: Uttale frå Hardanger ungdomsråd til høyringa: *Forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom*

Hardanger ungdomsråd er eit regionråd for Hardanger, og er det første regionrådet som vart etablert i Norge.

Rådet er sett saman av leiarane (og nestleiarane) i dei 7 ungdomsråda i Hardanger.

Hardanger ungdomsråd er eit partipolitisk uavhengig organ og målet med deira arbeid er å styrkja Hardanger regionen som heilhet. Rådet fungerer som eit talerøyr for ungdom i heile Hardanger og arbeider for engasjement og fokus på saker som gjeld born og unge. Kvart år vert det arrangert Hardanger Ungdomsting, der alle rådsmedlemmene i dei 7 ungdomsråda i Hardanger møter.

Hardanger ungdomsråd meiner at det er svært positivt at ordninga med ungdomsråd (eller ei anna medverknadsordning) har blitt lovpålagt i ny kommunelov. Ungdom under 18 år kan ikkje veljast inn i kommunestyrer/ heradsstyrer, og har difor heller ikkje moglegheit til å verta valt inn som representantar som kan påverka direkte i saker. Ei lovpålagt ordning sikrar at dei unge si røyst vert ein del av saksgrunnlaget og debatten før kommunestyra/ heradsstyrta gjer endeleg vedtak i saker som får konsekvens for barn og unge.

Føremålet med å ha eit ungdomsråd, er at ungdom skal få moglegheit til å påverka sin eigen kvardag og sitt eige nærmiljø. Representantane i ungdomsråda får i tillegg ein auka kunnskap om dei lokale, politiske avgjersleprosessane, ved at dei sjølve får delta og uttrykkje sine meininger. Dette er demokratiopplæring i praksis.

Val av medlemer til ungdomsråda

Hardanger ungdomsråd påpeikar at det er viktig at ungdomane får høve til å vera med på å laga retningslinjene til sine eigne ungdomsråd. I forslag til forskrift står det at det er kommunestyra/ heradsstyra som skal vedta mandatet og samansetninga av råda. Hardanger ungdomsråd ber om at det i forskriftena vert presisert under § 3 (1. ledd) at ungdomsrådet får høve til å komme med forslag til endringar når det gjeld retningslinjer og samansetning av ungdomsrådet, og at kommunestyret/ heradsstyret pliktar å handsama dette som eiga sak i sitt møte.

Rekruttering til ungdomsråda har føregått ulikt frå kommune til kommune. I somme kommunar føregår rekrutteringa med utgangspunkt i skulane, og ofte med hjelp frå elevråda på skulane. I andre kommunar skjer rekrutteringa frå ungdomsklubbar og andre

organisasjonar for ungdom, eller som ein kombinasjon der representantane vert rekruttert frå både skule og organisasjonar. Hardanger ungdomsråd meiner at det bør vera opp til den enkelte kommune sjølv å avgjera kva

som er den beste løysinga for rekruttering til sitt ungdomsråd, og at dette bør koma tydeleg fram under § 3 (3. ledd) i forskrifta som omhandlar samansetning og organisering.

For dei kommunane som driv rekruttering frå skulane følgjer valperioden skuleåret. Det vil seia at skulane gjennomfører val på skulane i august/september. Dersom val av representantar til ungdomsråda først skal opp som sak i kommunestyra/ heradsstyra før ungdomsråda kan konstituera seg (velja leiar og nestleiar), er Hardanger ungdomsråd redd for at dette vil føre til ei unødvendig forseinking. Ungdomsråda vert då kanskje ikkje konstituert før i november. Dette kan medføra at ungdomsråda kjem sein i gang med arbeidet sitt. Hardanger ungdomsråd meiner difor at val av representantar til ungdomsråd ikkje treng handsamast i kommunestyra/ heradsstyra. Representasjon kan regulerast i dei vedtekne retningslinjene som gjeld for det enkelte ungdomsråd, og skulane og interesseorganisasjonane kan gjennomføra eigne val av representantar til ungdomsrådet.

Kopi: Hardangerkommunane

Eid fjord 28. mars 2019

Hardanger Ungdomsråd




Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtid!

Vedtekter for Hardanger **og Voss** Ungdomsråd



Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010

Oppdateringar godkjende i Hardangerrådet 07.02.2019

Forslag til endring for 2020

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Hardanger Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i **Hardanger og Voss**

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i **Hardanger og Voss**
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger **og Voss**, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger **og Voss** i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger **og Voss**, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger **og Voss** får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:

- Å vera ein møteplass for ungdomsråda i Hardanger **og Voss**.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger **og Voss**.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger **og Voss**.
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Val

- I Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sit medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger **og Voss**.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar **og nestleiar** som representantar, og varamedlem møter etter særskild innkalling.

2.2 Konstituering

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

§ 3 Kontaktperson

Hardangerrådet oppnemner ein kontaktperson til Hardanger **og Voss** Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger **og Voss** Ungdomsråd ynskjer at Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpe ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger **og Voss** Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

§ 4 Møteverksemd

4.1 Møte

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd skal ha minst 6 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.

4.2 Referat

- Det skal førast referat over Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine møter.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd skal setta opp sin eigen møteplan for kvart år. Den skal sendast til Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger **og Voss**.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Statusrapport – økonomi
5. Behandling av saklista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppføljing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val

6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.november.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av Hardanger **og Voss** Ungdomsråd minst annankvart år, med fyrste vurdering mot slutten av fyrste periode, og godkjennast av Hardangerrådet.